

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

18.02.2015

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**onsdag, den 25. februar 2015 kl. 13.00
i Blåsalen**

SAKLISTE:

- Sak 06/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 21.01.2015
- « 07/15 - Vedkomande sak 04/15 om forvaltninga si rettleiingsplikt
- « 08/15 - Vedkomande sak 03/15 om ein personalkonflikt i Sykkylven kommune, B-sak
- « 09/15 - Informasjon om rammeavtalar i Sykkylven kommune
- « 10/15 - Intern drøfting av tidlegare behandling av byggesaksbehandling
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harlald.rogne@sksiks.no

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21. januar 2015, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, (ikkje tilstades i sak 01/15), Grethe Melseth og Ole Bjørn Roald (ikkje tilstades i sak 03/15, 04/15 og 05/15).

Anita Søvik hadde forfall.

= 3 og 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte, rådmann May Helen Molvær Grimstad i sak 01/15, 02/15 og 04/15. Rådgevar Bjørnar Andersen møtte i sak 02/15.

Hovudtillitsvald Hans Jakob Overå møtte i sak 03/15.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.
Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 01/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. DESEMBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. desember 2014 blir godkjent.

SAK 02/15

FORVALTNING, KAPASITET OG SAMARBEID INNAN LEGETENESTA I SYKKYLVEN KOMMUNE – INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 15.01.2015

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Fastsetje norm for talet på pasientar per lege som ligg på nivå med det som er vanleg elles i norske kommunar gjennom å senke listetaket i dei individuelle avtalane.
2. Lyse ut opne/vakante legeheimlar samt vurdere å opprette nye legeheimlar innanfor gjeldande reglar og avtaleverk.
3. Når det er etablert tilstrekkeleg kapasitet i fastlegetenestene, kan det vere grunnlag for å sjå nærare på korleis organiseringa av legevakta skal vere.
4. Gjennomgå oppgåver og ressursbruk til dei kommunale legeoppgåvene med sikte på rasjonalisering og omdisponering samt vurdere endring i samansettinga av forhandlingsutval.

SAK 03/15

DRØFTING AV MULIG OPPDRAG BASERT PÅ INNKOMNE DOKUMENT VEDKOMANDE PERSONALKONFLIKT I SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument datert 15.01.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Hovudtillitsvalgt Hans Jakob Overå orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til Overå til vitande. Utvalet vil i neste møte konkludere ut frå dei 2 orienteringane utvalet har fått.

04/15

BREV FRÅ KJELLBJØRN TUSVIK

Saksdokument datert 15.01.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt saka til neste møte.

SAK 05/15

RAMMEAVTALAR (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir innhenta opplysningar om kommunens bruk av rammeavtalar til neste møte.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 19.02.2014

**SAK 07/15
VEDKOMANDE SAK 04/15 OM FORVALTNINGA SI RETTLEIINGSPLIKT**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå Kjellbjørn Tusvik datert 06.01.2015
- Notat frå advokat Kjetil Kvammen datert 18.02.2015

Det blir vist til den juridiske vurdering som er gjort av advokat Kjetil Kvammen og om krav som ligg i lova. Det går ikkje fram at kommunen har misleghalde sin rettleiingsplikt i denne saka.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet ser på saka som avklara og finn ikkje at kommunen har brote si rettleiingsplikt.

Harald Rogne
dagleg leiar

Sunnmøre Kontrollutv.sekretariat,
Lerstadvegen 545
6022 Ålesund

Viser til telefonsamtale med Rolf Bergmann.

Vedlagt følger sakspapir vedr. fradeling av areal til bustadtomter.

09.02.2005 Tomteplan Tusvik gbr 46/4, dispensasjon frå kommuneplanens arealdel

11.03.2005 Tomteplan Tusvik gbr 46/4, dispensasjon frå kommuneplanens arealdel

06.04.2005 Vedtaksnummer: 68/05 gbr 46/4 Frådeling av 4 bustadtomter

02.12.2014 46/4 Søknad om deling av grunneigedom

11.12.2014 Mail til Bjarte Hovland

11.12.2014 Mail fra Mandy Häger

For meg var det ukjent at dette vedtaket hadde en begrenset gyldighet. Jeg har forholdt meg til teksten i disse skrivene som ligger ved. I så fall burde dette vært presisert i vedtaket.

For meg som privatperson, og som ikke har inngående kjennskap til plan og bygningsloven, så ble jeg først gjort kjent med dette, i okt/nov 2014, i forbindelse med grensereguleringer rundt eiendommen 46/15 og 46/14.

Bakgrunn:


Jeg ga fra meg gbr.46/4 til min bror, Ole Johan Tusvik, og som kompensasjon for gbr. 46/4, skulle jeg få fradelt et areal som i www.skogoglandskap.no, er nevnt som innmarksbeite +3 tomter i skogkanten. Dette er nedskrevet i skjøtet til 46/4.

I mail 11.12.2014, viser jordbrukssjef Mandy Häger til et «vedtak fatta av Teknisk hovedutval, 06.10.2014. Mandy Häger viser til plan- og bygningslova § 21-9, og skriver videre «Du må med andre ord søkje på nytt dersom du ønskjer å frådele dei tomtane som ikkje har blitt målt opp».

Spørsmålet er om det i, Vedtak 68/05 av 06.04.2005, burde vært presisert dette med foreldelsesfrist. Jeg har iallfall vært i god tro om at dette var et endelig vedtak. For meg vil en ny behandling, bety mer kostnader.

Jeg vil be om en uttalelse i sakens anledning! Er det noen spørsmål, så treffes jeg på telefon 915 64 695.

Tusvik 06.01.2015


Kjellbjørn Tusvik



Sykkylven kommune

Saksframlegg

Dato: 09.02.2005
Arkivref: 2005/310-634/2005

Saksbeh.: Arne Settemsdal

Saksnr	Utval	Møtedato
9/05	Teknisk hovudutval	07.03.2005

Tomteplan Tusvik gbr. 46/4, dispensasjon frå kommuneplanens arealdel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Teknisk Hovudutval viser til plan og bygningslova (PBL) § 7 og vedtek å dispensere frå kommuneplanen sin arealdel og frå PBL 17-2, byggeforbod i strandsona, slik at Kjellbjørn og Ole Johan Tusvik kan få dele frå 4 tomter på sin eigedom gbr. 46/4 i Tusvik. Dispensasjonen er i samsvar med søknad av 21.07.04, som viser tilkomstveg over industriområdet til Cyindra A/S og opp til byggetomtene.

Saksprotokoll frå møtet i Teknisk hovudutval - 07.03.2005

Behandlingsinformasjon:
Søknaden krev også delingsløyve etter jordlova.

Samrøystes vedtak: Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Teknisk Hovudutval viser til plan og bygningslova (PBL) § 7 og vedtek å dispensere frå kommuneplanen sin arealdel og frå PBL 17-2, byggeforbod i strandsona, slik at Kjellbjørn og Ole Johan Tusvik kan få dele frå 4 tomter på sin eigedom gbr. 46/4 i Tusvik. Dispensasjonen er i samsvar med søknad av 21.07.04, som viser tilkomstveg over industriområdet til Cyindra A/S og opp til byggetomtene.

Saksutgreiing

Saksdokument:

1. Møre og Romsdal fylke av 21.10.04
2. Situasjonsplan/ tomteplan for området av 21.07.04
3. Ny bygnadsplan av 11.02.05

Bakgrunn for saka:

Kjellbjørn og Ole Johan Tusvik, gbr. 46/4, har i brev av 21.07.04 søkt kommunen om å dele ifrå 4 tomter på eigedomen sin i Tusvika.



Sykkylven kommune
Teknisk etat

Kjellbjørn Tusvik

6222 Ikornnes

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 11.03.2005
Vår ref.: 2005/310-1522/2005
Klassering: L13

Saksbeh.: Marianne Myhre Mandal
Telefon: 70 24 67 02

Tomteplan Tusvik, gbr. 46/4, dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel

Viser til vedtak fatta i Teknisk hovudutval 07.03.2005 – sak 9/05:

Teknisk Hovudutval viser til plan og bygningslova (PBL) § 7 og vedtek å dispensere frå kommuneplanen sin arealdel og frå PBL 17-2, byggeforbod i strandsona, slik at Kjellbjørn og Ole Johan Tusvik kan få dele frå 4 tomter på sin eigedom gbr. 46/4 i Tusvik. Dispensasjonen er i samsvar med søknad av 21.07.04, som viser tilkomstveg over industriområdet til Cylindra A/S og opp til byggetomtene.

Saksutgreiing m/vedtak fylgjer vedlagt.

Med helsing

Bjarte Hovland
teknisk sjef

Marianne M. Mandal
Marianne Myhre Mandal
kontorleiar

Dette vedtaket kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klageorganet er Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast til *Fylkesmannen i Møre og Romsdal*, men sendast **Sykkylven kommune, Teknisk etat, 6230 Sykkylven** innan **3 veker** etter at meldinga om vedtak er motteke.

Kopi til:
Ole Johan Tusvik
Møre og Romsdal fylke Fylkeshuset



Dato: 06.04.2005
Arkivref: 2005/310-2147/2005
GBNR: 46/4

Saksbeh.: Henrik Schmidt

Vedtaksnummer: 68/05

Gbr. 46/4 - frådeling av 4 bustadtomter

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak 9/05 i gav Teknisk hovudutval dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå byggjeforbodet i strandsona. Frådelingssøknaden krev også løyve etter jordlova.

Saksopplysning


Gnr 46/4 er ein svært liten landbrukseigedom. Grenseregistreringane på offentleg kartverk er ikkje fullgode for eigedomen, mellom anna manglar slike grenser for to frådeltte parsellar. Totalarealet er i alle fall under 40 dekar og av dette er berre 3 – 4 dekar rekna som dyrkamark. I tidlegare tider var eigedomen registrert med ca 8 dekar dyrkamark og vel 3 dekar beite. Dei 4 parsellane ligg dels på udyrka og dels på tidlegare beitemark.

Vurdering

Sidan eigedomen er så liten at den nok er på grensa av å kunne reknast som ein landbrukseigedom som kjem inn under delingsforbodet i jordlova, er det rimeleg å ikkje leggje særleg streng vurdering til grunn i delingssaka. Landbruksavdelinga på fylket går ikkje i mot deling, men meiner ein bør unngå å byggje ned dyrka mark. Beite er vanleg å rekne med i kategorien "dyrka" etter jordlova og litt fulldyrka vil det nok også gå med til tilkomstvegen. Jordbrukssjefen meiner at dette må kunne tolast, men at det ville vere betre om omdisponeringa vart gjort ved regulering etter plan- og bygningslova, slik fylket peikar på. Teknisk hovudutval meiner at Tusvikområdet er for langt frå sentrum til å krevje plan.

Vedtak:

Teknisk sjef gjev med delegert mynde, og i medhald av jordlova § 12 , løyve til frådeling av 4 parsellar frå gnr 46/4 på til saman om lag 4 dekar. Han gjev også løyve til nødvendig omdisponering av inntil 2 dekar dyrka jord, jf §9 i jordlova.


Bjarte Hovland
teknisk sjef


Henrik Schmidt
jordbrukssjef

Dette vedtaket kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klageorganet er Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast til *Fylkesmannen i Møre og Romsdal*, men sendast **Sykkylven kommune, Teknisk etat, 6230 Sykkylven** innan **3 veker** etter at meldinga om vedtak er motteke.



SYKKYLVEN

Tekniske tenester

Ole Johan Tusvik
Tusvikvegen 68
6222 IKORNNES

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 02.12.2014
Vår ref.: 2014/1641-
Klassering: 12556/2014
46/4

Saksbeh.: Mandy Hager
Telefon: 70246710

46/4 - Søknad om deling av grunneigedom

Eg viser til søknad av 3.11.2014. Du søker om frådelling av to parsellar på tilsaman 5 daa. Omsøkte areal ligg i LNF (landbruk, natur og friluftsliv)- område i gjeldande kommuneplan for Sykkylven. Du må difor også søkje om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-1. Eg sender vedlagt eit søknadsskjema du kan bruke. Dette skjemaet hjelper deg med å skrive ein korrekt utforma søknad.

Generell rettleiing om dispensasjon

Ved dispensasjon for frådelling i landbruks-, natur- og friluftsområdet må søknaden vurderast både etter plan- og bygningslova og jordlova. Først når det er fatta vedtak etter begge lovverk vil frådellinga vere endeleg avgjort.

Vilkåra for dispensasjon er presisert i pbl § 19-2. Kommunen har avgrensa moglegheit til å gi dispensasjon. Dersom dispensasjon vil føre til at omsyna som aktuell plan skal ivareta blir vesentleg tilsidesett, skal det ikkje gjevast dispensasjon. Fordelende ved ein dispensasjon må sjølvstøtt vere større enn ulempene. Dette inneber at det må vere ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon før ein kan fatte eit positivt vedtak. I den samanheng er det avgjerande for saka å ha ei god grunngjeving for frådellinga.

Dispensasjonssaka skal sendast til berørte styresmaktar til vurdering. Når styresmaktane har kome med fråsegn, startar den politiske handsaminga i kommunen.

Ved spørsmål, ta kontakt.

Med helsing


Mandy Hager
fagleiar jordbruk

Vedlegg:

1 Dispensasjonssøknad

Bjarte Hovland

Eg har søkt om å få frådelt eit areal vest for bustaden min, og i den samanheng viser eg til

Sak 9/05 Tomteplan Tusvik gbr. 46/4, dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

Vedtaksnummer 68/05

Vurdering:

Sidan eigeiendomen er så liten at det nok er på grensa av å kunne reknast som ein landbrukseigedom som kjem inn under delingsforbodet i jordlova, er det rimeleg å ikkje leggje særleg streng vurdering til grunn i delingssaka. Landbruksavdelinga på fylket går ikkje i mot deling, men meiner ein bør unngå å byggje ned dyrka mark. Beite er rekna med i kategorien «dyrka» etter jordlova og litt fulldyrka vil det nok også gå med til tilkomstvegen. Jordbruksjefen meiner at dette må tolerast, men at det ville vere betre om omdisponeringa vart gjort ved regulering etter plan- og bygningslova, slik fylket peikar på. Teknisk hovedutval meiner at Tusvikområdet er for langt frå sentrum til å krevje plan.

Vedtak:

Teknisk sjef gjev med delegert mynde, og i medhald av jordlova § 12, løyve til frådelling av 4 parsellar frå gnr 46/4 på til saman om lag 4 dekar. Han gjev også løyve til nødvendig omdisponering av inntil 2 dekar dyrka jord jfr § 09 i jordlova.

Underskrift Bjarte Hovland Henrik Schmidt

Eg kan ikkje sjå i desse papira at eg må søke på nytt for å få frådelt desse 2 resterande tomtene. (Ole Johan Tusvik har ikkje noko planar for den 4. tomta nærast løa). Det står ikkje i dokumenta at her er nokon forelding og eg kan heller ikkje sjå noko om det i Plan og bygningslova.

I 2005-2006 vart det ført fram vatn, elektrisitet, telefon og lagt opp kloakkleidning dimensjonert for desse 3 tomtene. Vil presisere at det gjekk ikkje med noko dyrka mark då det vart framført veg til desse tomtene.

Tidlegare i haust var eg på landbruksavdelinga i kommuna v/Sindre, og forklarte kva eg kom til å søke om og eg bad då om å få nødvendige dokument/skjema slik at eg slapp ytterlegare arbeid med dette. No får eg likevel skjemaet «Søknad om dispensasjon» som må fyllast ut.

Eg hadde forstått nødvendigheita av fleire papir, dersom dette hadde vore ein landbrukseigedom. Alt som er av dyrka mark er teke vare på gjennom Ole Johan Tusvik. Det som eg har søk om å få frådelt, vest for bustaden min, er leire med eit steinlag opp på og som er dekt av mose og nokre grasstrå. Berg og storstein stikk opp i dagen og det er vanskeleg å slå det med traktor. Yste delen er så fuktig at ingen ting gror. Dette området er ein arv eg fekk frå far min, fordi eg friviljug ga frå meg garden til bror min. Her er heller ikkje skog som er drivverdig.




Eg prøver å rydde opp i det meste meda eg har helse. Som t.d. at garasja, mi med kommunal vitande vilje, vart plassert midt over ein bytestein.



Kva gjer eg ?

Venleg helsing

Kjellbjørn Tusvik

Svar - 46/4 - Spørsmål vedr. søknad om deling av grunneigedom

Avsender Mandy Häger 
Mottaker cylindra-objects@cylindra.no 
Kopi til Bjarte Ståle Hovland 
Dato 11.12.2014 13:44

Melding 314 av 369  

Hei,

Viser til e-post av 11.12.2014, adressert til Bjarte Hovland.

Du viser til vedtak fatta av Teknisk hovudutval,06.10.2004.

«Teknisk sjef gjev med delegert mynde, og i medhald av jordlova § 12, løyve til frådeling av 4 parsellar frå gnr 46/4 på til saman om lag 4 dekar. Han gjev også løyve til nødvendig omdisponering av inntil 2 dekar dyrka jord jfr § 09 i jordlova.»

Vedtaket er forelda.

I Landbruks- og matdepartementet sitt rundskriv M-1/2013 står det følgjande om deling og omdisponering:

«Samtykke til omdisponering faller bort etter jordlova § 9 fjerde ledd dersom arbeid for å nytte jorda til det aktuelle formålet ikke er satt i gang innen tre år etter at vedtaket er gjort...»
«Dersom delinga ikkje er rekvirert innen tre år etter samtykke til deling er gitt, vil samtykke falle bort»

I plan- og bygningslova § 21-9 står det at:

«Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges...»

Du må med andre ord søkje på nytt dersom du ønskjer å frådele dei tomtane som ikkje har blitt målt opp.

For at vi skal kunne behandle saka må du levere inn følgjande dokumentasjon:

- Delingssøknad (levert)
- Dispensasjonssøknad (manglar)
- Nabovarsel (levert)
- Situasjonsplan (levert)

Med helsing

Mandy Häger

Jordbrukssjef

memo

Til: Kontrollutvalget i: Sykkylven kommune
v/Kontrollutvalgssekretariat: SKS IKS
Att.: Daglig leder Harald Rogne

Fra: Adv. Kjetil Kvammen MNA, juridisk rådgiver

Dato: 18.02.2015

Re / sak: Sak 04/15 **Sakstema: Forvaltningens veiledningsplikt**

1. Bakgrunn og spørsmålsstilling

Ved skjøte tinglyst 17.04.1997 overdro Conrad K Tusvik gnr. 46 bnr. 4 i Tusvika i Sykkylven til sin sønn, Ole Johan Tusvik. Conrad Tusvik beholdt tinglyst boret for seg. Samtidig fikk Ole Johans eldre bror, Kjellbjørn Tusvik, tinglyst rett til å få utskilt et tomteareal fra bruket.

Ved brev av 21.07.2004 søkte brødrene om «byggetillatelse» for utnytting av 4 stk. tomter i h.t. en privat utarbeidet tomteplan for området, areal i alt ca. 5 da..

Fordi arealet ligger i et område som i kommuneplanen er avsatt til LNF, og p.g.a. deleforbudet i (daværende) plan- og bygningslov § 17-2, ble fradelingssøknaden i 2005 først behandlet som dispensasjonssøknad fra de to nevnte reglelsett. I sak 9/05 ble dispensasjon ble gitt «i samsvar med søknad av 21.07.04». Samtidig ble det gitt delings- og omdisponeringsløyve etter jordlova § 12 (sak 68/05).

Kjellbjørn Tusvik opplyser at det i 2005-2006 ble investert i tekniske anlegg for å gjøre tre tomter byggeklare.

Da Kjellbjørn Tusvik høsten 2014 tok kontakt med Sykkylven kommune for «å få nødvendige dokument/skjema», fikk han beskjed om at det var nødvendig å søke om dispensasjon påny, p.g.a. den lange tiden som var gått siden 2005, da dispensasjon ble gitt. Fradelingssøknad ble den 03.11.2014 inngitt av Ole Johan Tusvik. Han fikk da opplyst at han måtte søke om dispensasjon

etter plan- og bygningsloven § 19-2. I en epost av 11.12.2014 til søkeren har jordbrukssjefen gitt nærmere begrunnelse for søknadsplikten. Denne følger av lovens frister for igangsetting av tiltak når tilatelse er gitt og angir at det påny må søkes dispensasjon.

Kjellbjørn Tusvik mener at det er en feil at han ikke automatisk har vært varslet om tidsfrister og at slike frister heller ikke går frem av loven. Han uttaler at han kunne ha forstått «nødvendigheita av fleire papir, dersom dette hadde vore ein landbrukseigedom». Han opplyser at han har vært i god tro m.h.t. at dispensasjonsvedtaket i sak 9/05 var endelig.

2. Regelverk

Forvaltningen har en alminnelig veiledningsplikt. Om denne heter det i forvaltningsloven § 11, første og annet ledd:

Forvaltningsorganene har innenfor sitt sakområde en alminnelig veiledningsplikt. Formålet med veiledningen skal være å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte. Omfanget av veiledningen må likevel tilpasses det enkelte forvaltningsorgans situasjon og kapasitet til å påta seg slik virksomhet.

Forvaltningsorganer som behandler saker med en eller flere private parter, skal av eget tiltak vurdere partenes behov for veiledning. Etter forespørsel fra en part og ellers når sakens art eller partens forhold gir grunn til det, skal forvaltningsorganet gi veiledning om:

- a) gjeldende lover og forskrifter og vanlig praksis på vedkommende sakområde, og*
- b) regler for saksbehandlingen, særlig om parters rettigheter og plikter etter forvaltningsloven. Om mulig bør forvaltningsorganet også peke på omstendigheter som i det konkrete tilfellet særlig kan få betydning for resultatet. (min understrekn.)*

Reglene gjelder også på plan- og bygningslovens område, jfr. plan- og bygningsloven § 1-9.

Nærmere regler er gitt i forvaltningslovforskriften (F15.12.2006 nr 1456) kap. 2. Her heter det bl.a.:

§ 3. Bistand til utfylling

Bare når det er særskilt bestemt, har forvaltningsorganet plikt til å sette opp søknader, brev eller tilsvarende. Organet bør imidlertid hjelpe til med å fylle ut skjemaer og utarbeide klager og andre dokumenter når det synes å være behov for slik hjelp.

§ 5. Krav til offentlige skjemaer

Søknadsskjemaer o.l. som det offentlige utarbeider til bruk for parter og andre i forvaltningssaker, skal gi nødvendig veiledning om utfyllingen og om dokumentasjon som

bør være vedlagt. Dersom det er praktisk mulig, bør søknadsskjemaer o.l. også gi veiledning om de regler som gjelder på vedkommende saksområde.

3. Mine vurderinger

Det ble den 21.07.2004 søkt om «byggetillatelse» på 4 tomter. Det var ikke prosjektert noen bygg og søknaden gjaldt derfor nærmest en form for rammetillatelse for fradeling av tomter og godkjenning av beliggenhet og adkomst mv..

Det synes klart at søkerne i denne første omgang ikke var kjent med at slike tiltak i dette tilfelle krevde dispensasjon i medhold av plan- og bygningsloven.

Det ble i ethvert fall ikke søkt om dispensasjon, i alle tilfeller er skriftlig søknad om dette ikke dokumentert. Likevel behandlet Teknisk hovedutval saken som «byggeløyve/godkjenning av tomteplan», jfr. sak 47/04. I vedtaket går hovedutvalget inn for dispensasjon som ett av alternativene til å endre arealformålet. Alternativet var å kreve reguleringsplan.

Når det i mars 2005 ble gitt dispensasjoner, så var det altså ikke spesifikt søkt om dette. På dette tidspunkt gjaldt plan- og bygningsloven av 1985 og det krevdes da ikke spesifisert søknad for å kunne gi dispensasjon. I någjeldende lov er det tatt inn et eksplisitt krav om at søknader må grunngis. Samtidig er det innført et krav om kvalifisert interesseovervekt for å innvilge dispensasjon, jfr. plan- og bygningsloven kap. 19.

Før 2003 sto det heller ikke noe i plan- og bygningsloven av 1985 om at dispensasjoner bortfalt etter tre år. Ved lovendringen 25. april 2003 nr. 26 kom dette imidlertid inn i et nytt tredje punktum i § 96, som fastslo dette. Fra da av ble det klart at bestemmelsene om foreldelse også gjaldt for dispensasjoner. For å avbryte en slik frist må en enten sende inn en søknad om rammetillatelse eller en byggemelding.

Fra dispensasjonstidspunktet og frem til søknad om fradeling gikk det henimot 9 år. Grunneieren synes likevel å ha akseptert at fradelingen i dette tilfelle innebærer en totrinns saksbehandling, jfr. at Ole Johan Tusvik den 03.11.2014 søker om fradeling. Spørsmålet i saken er om kommunen, samtidig med omdisponerings- og dispensasjonsvedtakene i 2005, sak 9/05, uoppfordret burde ha informert om disse vedtakenes varighet, gitt at tiltak ikke ble igangsatt m.v..

Det er ikke fremkommet noe som tyder på at Ole Johan eller Kjellbjørn Tusvik før utløpet av treårs-fristen har bedt kommunen om å redegjøre for regelverket på dette punkt.

Den alminnelige veiledningsplikten synes nemlig ikke å rekke så langt som til å gi uoppfordret informasjon om den enkelte parts rettsstilling i forhold til særlovgivningen, her plan- og bygningsloven og jordloven. En slik eventuell plikt ville også kunne ha ført til ansvar for kommunen, dersom informasjonen ble mangelfullt gitt. I en annen stilling kommer direkte feilinformasjon når en part konkret ber om å få opplyst hvilke regler som gjelder. Slik er situasjonen ikke her.

Det må tas et visst forbehold om at søknaden av 21.07.2004 kunne vurderes som en søknad om både dispensasjon og fradeling etter at dispensasjon eventuelt var gitt. Fradeling vil tross alt være

det resultatet søker i en slik situasjon ønsker. På den annen side synes ca. 9 års opphold å være tilsiktet. Det er ikke dokumentert at grunneieren har purret el.lign. i mellomtiden og ny søknad 03.11.2014 tyder på at man var seg denne to-trinns prosessen bevisst.

Dermed står man igjen med spørsmålet om hvorvidt forvaltningen har et generelt ansvar for uoppfordret å veilede private parter slik at disse i ulike situasjoner ikke skal lide rettstap.

Som det fremgår av forvaltningsloven § 11 første ledd må veiledningsaktivitetene hos forvaltningsorganet tilpasses «situasjon og kapasitet». En alminnelig plikt ville føre for langt.

Det må for øvrig legges vekt på at de regler som nå slår inn, fra 2003 kunne leses direkte ut av loven. Fordi avtalen ble tinglyst allerede i 1997 kan det ikke ha hastet med å overskjøte tomtene. Men om kommunen var klar over dette i 2005, slik at man følte behov for å rope et varsko, er ikke dokumentert og er neppe tilfelle.

Jeg har ikke forutsetninger for å vurdere om tiltakene i 2006 oppfylte lovens krav til igangsetting. Det ser ikke slik ut. Søknad om rammetillatelse eller byggemelding ble ikke sendt innen fristen.

5. Konklusjon

Jeg kan for min del ikke se at kommunen i denne saken har misligholdt sin veiledningsplikt etter loven.

Kjetil Kvammen
advokat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 19.02.2015

**SAK 09/15
INFORMASJON OM RAMMEAFTALAR I SYKKYLVEN KOMMUNE**

I sak 12/14 opplyste leiar av kontrollutvalet at han hadde blitt kontakta av entreprenørar som var usikre på kommunen sin praksis vedkomande anbod og rammeavtalar. Med bakgrunn i dette vedtok kontrollutvalet å kome tilbake til saka på eit seinare tidspunkt.

Lov om offentlige anskaffelser bygg på konkurranse og sjølv små innkjøp under 100.000 kroner skal bygge på ei enkel form for konkurranse.

Krav i regelverket

Krav ved beløpsgrense på 100.000 kroner:

- Innkjøpet skal vere basert på konkurranse
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

Krav ved beløpsgrense på 500.000 kroner:

- Innkjøp skal gjerast i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser og del 2 og skal vere utlyst på Doffin-basen
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

For store kjøp med eigne beløpsgrenser blir det stilt ytterlegare krav i EØS-regelverket. Desse kjem eg ikkje inn på her.

Lova og forskrifta til lova stiller krav om konkurranse, likebehandling, forutsigbarheit, gjennomsiktighet og etterprøvbarheit. I tillegg er det krav om dokumentasjon slik at det kan bli høve til kontroll og overprøving.

Kontrollutvalet har bedt om å bli orientert om kommunen si praktisering av regelverket primært knytt til rammeavtalar.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 19.02.2015

**SAK 10/15
INTERN DRØFTING AV TIDLEGARE BEHANDLING AV
BYGGESAKSBEHANDLING**

Kontrollutvalet har i fleire saker heilt tilbake til 2012 følgd opp kommunen sin kapasitet i byggesaksbehandling. I sak 26/13 vedtok kontrollutvalet å oversende resultatet av sitt arbeid på dette området til kommunestyret.

Kapasitet i byggesaksbehandling er særskild viktig for ein kommune. Både næringsliv og innbyggjarar ønskjer rask saksbehandling for å sleppe lang ventetid med utbyggingsoppgåver som skal utvikle kommunen. Er kommunen dårleg på dette, vil ein tape i konkurranse med andre kommunar både på arbeidsplassar og innbyggjarar.

Det kan til tider vere lite føremålstenleg for ein kommune å spare utgifter på tenester som kan bygge på sjølvkostfinansiering.

Det blir lagt opp til å drøfte temaet.

Harald Rogne
dagleg leiar